



Ing Taule AS
Kvassnesvegen 33
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1164 - 17/7429

Saksbehandlar:
Einar Færø
einar.faero@radoy.kommune.no

Dato:
08.06.2017

Gbnr 25/59 - dispensasjon frå avstandskravet mot veg

Delegasjonssak nr.: 145/2017

Det vert søkt om dispensasjon frå avstandskravet mot veg. Vegen er i reguleringsplanen vist som gangveg, men gbnr 25/59 har etter søknad fått løyve til å nytta vegen som tilkomst for nytt bustadhus.

Tiltaket krev dispensasjon frå avstandskravet mot veg.

Det fylgjer av pbl §29-4 første ledd andre punktum at kommunane skal påsjå at veglovas bestemmelser om byggjegrænse og friskt vert følgd. I dette ligg det at før kommunen gjev tillatelse til byggverket sin plassering må kommunen sjå til at løyve ikkje vil vera i strid med veglova sine bestemmelser. Pbl § 29 – 4 gjev altså kommunen heimel til å avslå søknaden dersom vegmynda ikkje gjev tillatelse etter veglova.

Tiltaket det her vert søkt om ligg til ein veg som i reguleringsplanen er vist som gangveg. Men som det for gbnr 25/59 er gitt løyve til å nytta som køyreveg. Det er ikkje sett byggjegrænse mot veg og avstanden til vegmidte skal difor vera 15 meter som bestemt i veglova § 29, andre ledd. Vurderinga av å nytta gangvegen som køyreveg er gjort tidligere.

Plasseringa av tiltaket som her vert søkt om vil på det næraste få ein avstand til veg som er mindre enn 15 m.

Kommunen vurderer tiltaket til ikkje å vera til hinder for friskta. Vurderinga er også gjort på bakgrunn av mellom anna trafikkmengde og type trafikk. Det er også andre tiltak i området som har tilsvarande løysing i høve til vegmidte.

Vegmynda godkjenner difor plassering av tiltaket slik omsøkt.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt leiar teknisk drift Einar Færø.

Med helsing

Einar Færø
kommunalsjef drift og forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Ing Taule AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ